
Fra: Atle Utkilen <atle@adu.no>
Sendt: tirsdag 26. februar 2019 15:03
Til: Eirik Berntsen; Postmottak Lindås
Kopi: Torbjørn Sætre; Linda Hammersvik Folkestad
Emne: Skodvin Montessoriskule - litt avklaring
Vedlegg: Situasjonsplan.pdf

Viser til dykkar brev med referanse 18/3902-19/1197 Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon – gbnr 94/1

Vi er spurt om å bistå som søkjar og som prosjekterande i saka.

Vi har vore på staden og sett på forholda. Vi har lagt inn tiltaket på kart og med kommuneplanføremaal som underlag.

Kartet er vedlagt.

- Tiltaket ligg i området som er avsett til parkering i kommuneplanen.
- Vi har plassert det litt justert i forhold til innsendt søknad.
 - Dette er gjort for at ein skal unngå sprenging og for at den skal liggja meir naturleg i terrenget. Det er tilnærma flatt der den er plassert.
 - Vi har satt på mål. Den ligg no utanfor byggjegrænse til kommunal veg
 - Vi har plassert avkjørsel der det alt i dag ligg ein tilnærma fullverdig avkjørsel. Det er berre å retta den litt og grusa den opp. Om nødvendig må ein fjerna nokre tre. Avkjørsla har gode siktforhold.
 - Denne vegen ligg delvis inn i område avsett til idrettsanlegg. Det bør ikkje vera noko stor sak å leggja inn ein føresetnad at avkjørsla skal tilpassast /samkjørast med framtidig avkjørsel til idrettsanlegget.

Oppsummert:

- tiltaket er i samsvar med overordna plan.
- det ligg utanfor byggjegrænse til kommunal veg
- det er gjeve løyve til avkjørsel frå kommunen.
 - brev frå teknisk drift datert 04.01.2019 med referanse 18/3903-19/287) og basert på den opprinneleg innsendte situasjonsplanen.
 - Vårt forslag har avkjørsel litt nærmare fylkesvegen men har minst like gode siktforhold.

Vi vil i denne saka minna om at tiltaket omhandlar trafikktryggleik ved skulen.

Kommunen har tidlegare eigd skulen og bør vera godt kjent med tilhøva.

Vi vonar at kommunen ser positivt på dette forslaget.

Det gjev ei god løysing og kan gjennomførast forholdsvis raskt.

Ynskjer tilbakemelding om korleis ein ynskjer innsendt søknad; t.d om ein kan ta vekk dispensasjonssøknad; om det kan gjerast noko forenkla.

Ps

Som underlag ved prosjekteringa av veg og parkering, er det ynskjeleg å få tilsendt asbuilt- teikningar for renseanlegget. Slik vi har forstått det er det kommunen som bygde anlegget.

ds



Med vennleg helsing

Atle Utkilen
Mob 970 67 161